

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.11.2018

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* er positiv til vidare utvikling ved Sandvikstorget og Kristiansholm og meiner planarbeidet vil kunne styrke staden som lokalsenter og rekreasjonsområde for bydelen.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at planforslaget bør endras og utviklas vidare med omsyn til samspel mellom område sin funksjon som bummiljø og rekreasjonsområde for eit større omland, og at det omarbeidast slik at det vert underordna og tilpassa målestokk. Høgde på bygg bør reduseras av omsyn til lokalklima og siktlinjer og samspel med eksisterande landskap og bygningsmiljø.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at slik planforslaget ligg føre, vil høgde og skala på bygga ha vesentleg negativ verknad på kulturmiljøet, og planforslaget er slik i strid med regionale og nasjonale kulturminneinteresser. Planforslaget må i høgare grad ta omsyn til kulturmiljøet i Sandviken, med særleg merksemd på nærliggjande, freda sjøbodar og dei bakanforliggende kulturmiljøa i greniane. Det er knytt motsegn til dette punktet.

For at motsegna kan trekkjast må byggehøgder i felt BS1 - BS9 og BS11 reduserast slik at bygga i hovudsak ikkje overstig 4 etasjar.